

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 11.02.2019

Handsaming i møtet

Det er ønskjeleg frå kontrollutvalet si side at tilbakemeldinga også omfattar kva som vert gjort på kort sikt. Kontrollutvalet ønskjer at ny tilbakemelding vert sett til 21.05.2019

Med nytt punkt 2 og endra dato i punkt 5 vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet merka seg at det for om lag halvparten av punkta går fram at fylkesrådmannen meiner at oppfølginga best kan løysast gjennom det arbeidet som er knytt til nytt kriseplanverk for den nye fylkeskommunen. Dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av 2019. For dei andre punkta går det fram av tilbakemeldinga at forbetningsarbeidet vil vera ferdig gjennomført i løpet av første halvår 2019.
2. Kontrollutvalet ber om at tilbakemeldinga også omfattar kva som vert gjort på kort sikt.
3. Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 21.05.2019. Tilbakemeldinga må også innehalde korleis forbetningspunkta, som er tenkt skal inngå som ein del av arbeidet med utvikling av nytt kriseplanverk i fylkessamanslåinga, så langt er handtert.